

Møtoreferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stede: Grete Müller, Elisabet B. Salte, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Gunnar Ekeland, Jostein Bildøy, Karl Olaf Sundfør, Henrik Aasved, Anbjørg Hellestræ (vara), Sven Hove (vara), Charlotta Schaefer (sekr.)

Forfall: Kristoffer Skjolden, Linn Bæra (avslutta verv)

Møteleiar: Grete Müller

Møtedato: 29.10.2018

Klokkeslett: 09.45-14.45

Møtenr: 7/18

Møtestad: Helse Vest RHF, Møterom Kjerag, Stavanger.

Arkivref: -

Saksnr.	Emne	Ansvarleg
45/18	Innkalling blei godkjent	Fung. leiar Grete Müller
46/18	Referat frå førre møte blei godkjent Kravet til Oppdragsdokumentet '75% inkluderingskrav for kreftpasientar' ble justert til 70% i sist møte. Det blir retta i referatet.	Fung. leiar
47/18	Gjennomgang av deltaking i arbeidsgrupper Det er framleis ikkje tilsett erstattar for Linn sine verv. Merete er interessert i å delta som brukarrepresentant i Samarbeidsorganet for forskning og innovasjon. Jostein kan overta verv i DIS (nasjonalt). Det er tre verv igjen utan brukarrepresentant – desse blir fordelt når nytt brukarutval er oppnemnt. Sekretær melder informasjonen vidare til ansvarlege for prosjekta.	Fung. leiar
48/18	Aktuelle styresaker Fagdirektør Baard-Christian Schem deltok på video frå Bergen. Orientering om aktuelle styresaker: Regional plan psykisk helse Regional plan psykisk helse blir lagt fram for styret 1. november. 'Leve med liding'-perspektiv gjennomsyrrer planen. Psykiske lidingar er som regel ikkje sjukdom som kan kurerast men noko pasientar må lære å leve med. Motsetting at pasientar på den eina sida skal medverke i eigen behandling, når pasientgruppa også representerast av	Fagdirektør Baard-Christian Schem

	<p>menneskjer som ikkje alltid klarar å følge opp avtalar og eigen behandling. De som treng ekstra hjelp søker det ikkje alltid.</p> <p>RBU var opptatt av at psykiatriske pasientar ikkje alltid får god nok oppfølging av somatiske lidningar. Psykiatrisk behandling går også nokon gong på bekostning av fysisk helse. Eks. kan høgt blodtrykk tolkast som angst. RBU meinte det bør settast inn førebygging av somatiske lidningar for pasientar med psykiske lidningar i spesialisthelsetenesta.</p> <p>RBU var også opptatt av reduksjon i tvangsbehandling. RBU var forsiktig optimistisk over utviklinga av reduksjon av tvangsvedtak i Helse Vest.</p> <p>Avvikling av meldeordninga Helse Vest har skrevet høringssvar om forslaga om avvikling av meldeordninga §3.3. Helse Vest er kritiske til nedlegging. Framleis uklart korleis det nye kommisjonen for helsetenesta (UKOM) skal fungera. Det har blitt sagt at UKOM skal gå inn i de mest alvorlege saker, med eit anna perspektiv enn meldeordninga. Risikoen ligg fremst i systemet og ikkje hjå dei enkelte tilsette.</p> <p>Rapportering frå verksemda Negativ utvikling av ventetid generelt i Helse Vest. Ventetid innan psykisk helsevern for både barn og vaksne er betre.</p> <p>Negativ utvikling av fristbrot. Beklagelig at Helse Vest ikkje kjem i mål til tross for systematisk arbeid over fleire år. Det er ikkje et generelt problem men kan koplust til nokon avdelingar.</p> <p>RBU kommenterte at det er viktig å sjå til tall avvisingar saman med tall fristbrot. Nokon poliklinikkar avviser fleire for å løyse problem med fristbrot.</p> <p>Kvalitetsbasert finansiering gir utslag i statsbudsjettet. Baard Christian meinte Helse Vest ikkje har blitt dårlegare men dei andre regioner betre – det gjer utslag i finansieringa.</p> <p>Mediasaken om feil i Meona Det har vore omtalt i media at ei pasient døde etter bland anna svikt i Meona. Det er kjente svakheter i kruveløysinga Meona, som gjer at det går an å registrera i avslutta kurve. Det kan medføre feil i dosering av medisinar. Uansett om kurva ikkje er optimal er det mange gonger betre enn da det gjordes manuelt.. Det er alltid ei risiko i kompliserte system, dette arbeider Helse Vest kontinuerlig med.</p>	
--	---	--

	RBU meinte det er for få barrierar for å fange opp feil i system.	
49/18	<p>Invitasjonar til brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsgruppe regional forskingsstrategi – Merete Hauge blei peikt ut. • Regionalt legemiddelnettverk – Grete og Annbjørg begynner og ser om nokon kan ta over når nytt brukarutval er på plass. Minst ei av brukarrepresentantane i nettverket bør vara ordinært medlem av RBU. <p>Sekretær meld vidare til ansvarlege.</p>	Fung. leiar
50/18	<p>Orienteringar/ brev til/frå Brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • ME-foreninga har sendt brev til Helse Vest RHF (datert 19. oktober) om mangelfull behandling til ME-pasientar. • Jostein og Henrik var i møte om Oppdragsdokumentet med HOD 25. oktober. Saka om å følgje nasjonal kreftstrategi vil mest sannsynleg bli teke inn. Fleire av krava som blei avtalt i det interregionale RBU-møtet høyrar meir til i Føretaksprotokollen enn Oppdragsdokumentet. Difor vil dei ikkje bli tatt med. • Jostein vil delta på SKDE-seminar i Oslo 28. november. • Orientering om brev frå HOD til LPP Sogn og Fjordane. 	Fung. leiar
51/18	<p>Internrevisjon i Helse Vest</p> <p>Presentasjon ved Bård Humberset, leiar internrevisjon i Helse Vest.</p> <p>Førre årets internrevisjonar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Internrevisjon om matforsyning • Internasjonalt samarbeid • IKT-anskaffingar <p>Pågåande internrevisjonar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avansert oppåveplanlegging (i kva grad foretaket har tatt i bruk metodikken til oppgåveplanlegging) • BUS1 i Helse Bergen • Internkontroll 'Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten' <p>Dei kommande åra, tema på revisjonsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Uønska variasjon i pasientforløp • Bruk av tvang i PH • IKT-tryggleik • Administrasjon av pasientar på venteliste • Bruk av avtalespesialistar <p>RBU forelo:</p>	Bård Humberset

	<ul style="list-style-type: none"> • rutinar for utskriving frå sjukehus. Det er grunn til å tro at det er mye svikt på området. Det å sjå på utskrivingsrutinar vil samstundes dekkje en viktig del av samhandling med primærhelsetenesta. • RBU gav tilslutning til uønska variasjon som revisjonstema. 	
52/18	<p>'RBU si time'</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planlegging av årleg melding 2019. Alle i RBU (og vara/eksterne brukarar) blir bedt om å rapportere om sine verv i 2018 - send til Grete innan 1. desember. Sekretær skal finne årleg melding i word-format frå 2017 og skjema som brukarrepresentantane fylte ut. • Grete informerte om leiarforum på Flesland 13. november, der leiar og nestleiar for alle brukarutval i Helse Vest er invitert. Strategidokument frå BU i Stavanger skal behandlast. Ev. kan Elisabet delta saman med Grete. • Grete deltar på styremøte i Helse Vest 1. november. RBU meinte på lik linje med Helse Vest RHF, at meldeordninga ikkje bør avviklast. Kva er grunna bak fristbrot. Må sjå på fristbrot saman med andre tall. • Høyringssvar til regional utviklingsplan. Frist 15. november. RBU syntes dokumentet er veldig generelt og meinte planen ikkje er egna som verktøy for prioritering. RBU vil følgje med på korleis planen blir følgt opp vidare i Helse Vest og håper at måla blir oppfylt. • IR-RBU i Trondheim 22.-23. oktober. Grete og Charlotta deltok. Grete orienterte om agendaen frå møtet. Hovudsak var krav til Oppdragsdokumentet. IR-RBU gav også innspel til SKDE om forslag til nye kvalitetsregister: sjeldne lidingar, augeinjeksjon macula, habilitering og rus-området. • Prosess for oppnemning av nytt brukarutval. Nytt brukarutval med leiar og nestleiar vil oppnemnast ved styremøtet 11. desember. 	Fung. leiar
53/18	<p>Teknologiplan i Helse Vest</p> <p>Monica Granli, Helse Vest IKT, presenterte utkast til Teknologiplan i Helse Vest 2019 - 2023. Frist for å sende innspel til planen er 31. oktober.</p> <p>Teknologiplanen tar utgangspunkt i Helse 2035-strategien og helseføretakas utviklingsplanar. Viktig å presisere at teknologi er et verkemiddel og ikkje eit mål. Teknologi må riggast for framtida – helsetenesta henger litt etter.</p>	Fung. leiar

	<p>Samanheng med andre planer er viktig. Teknologiplanen i Helse Vest skal eiges av Teknologirådet.</p> <p>Tilbakemelding frå RBU:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sørg for lik terminologi i planen (eks. pasient/brukar. Kven er brukar) • Planen bør vere lett å forstå, også for dei som ikkje har IKT-bakgrunn. • Kva er lettvekts-IKT? Burde det vore forklart. • Kor blir pasientinformasjon lagra. Fokus på lagring av pasientsensitiv informasjon. • Veldig god figur over nasjonalt-regionalt-lokalt arbeid. Figuren gjør det lettare å forstå korleis ulike arbeid heng saman. <p>Grete har skrevet eit innspel til Teknologiplanen på vegne av RBU.</p>	
EVT	<p>Eventuelt</p> <p>Merete – PoB har foreslått å bytte namn til 'Eldre- og pasientombud'. Uheldig meinte RBU, då eldre også er pasientar. RBU lurte på om det utvidar mandatet til PoB. Saka er nemnt i media.</p> <p>Jostein – Bestilling av helseføretaka sitt ansvarsområde for personar med nedsett hørsel eller døvblinde som ikkje får kvardagen til å fungere med tekniske hjelpemiddel. Kva veit ein om dei, korleis blir dei følga opp.</p>	Fung. leiar

Neste møte i regionalt brukarutval er 10. desember 2018, på Forus, Helse Vest RHF.